

ÅRSMELDING FOR JÆRMUSEET 1991

JÆREN MUSEUMSRÅD

Jæren museumsråd hadde årsmøte 21. mars på Tungenes fyr, Randaberg. Rådsordførar Roald G. Bergsaker ynskte rådsmedlemmene og møtedeltakarane vel møtt. Leiar i kulturstyret, Ivar Walde, ynskte Jæren Museumsråd velkomne til Randaberg. Han gav ei kort orientering om historia til Tungenes fyr.

Av 29 rådsmedlemmer oppnemnde av kommunane og fylkeskommunen møtte kun 19 representantar. Det møtte 9 representantar frå lag og bedrifter og 6 personlege medlemmer.

Elles møtte fylkeskultursjef Roald Håland, fylkeskonservator Egil H. Grude, 2 andre gjester, valnemnda og personalet - i alt 41 deltakarar.

Dei private medlemmene valde seg imellom 7 rådsmedlemmer for 1991 og 1992. Frå organisasjnar og bedrifter:

Asta Todnem, Randaberg bondekvinnelag

Ole Gunnar Kverneland, Kverneland Klepp A/S

Einar Lea, Kverneland Underhaug A/S

Sveinung Lode, Nærbø bondelag

Vara: Anne Sør Reime, Agnes Vestvik

Frå personlege medlemmer:

Jone Vadla

Paul Kyllingstad

Stein Sægrov

Vara: Sigve Bø, Sven Åstrand, Karleif Lerang.

Årsmøtet handsama og godkjende årsmelding og rekneskap for 1990, vedtok arbeidsprogram for 1991 og kontingen og budsjett for 1992. Møtet valde formann, nestformann, rådsordførar, vararådsordførar og styremedlem m. vararepresentant frå private medlemmer.

Roald G. Bergsaker, Sandnes, har vore rådsordførar. Lisabet Risa, Hå, har vore rådet sin varaordførar.

Valnemnd har vore:

Egil Larsen, Randaberg

Magnar Flesland, Hå

Stein Sægrov, private medlemmer

Styret

Styret har i 1991 hatt denne samansetjinga:

Nils Njå, Time, formann

Hans Voll, Klepp, nestformann

Roald G. Bergsaker, Sandnes

Håvard Erga, Rogaland fylkeskommune

Ragnhild Ormøy, Sola

Tobias Skretting, Hå

Torbjørn Tønnesen, Gjesdal

Johan Vestvik, Randaberg

Einar Lea, vald av private medlemmer

Varamedlemmer:

Helge Lande, Time

Sverre Kvadsheim, Hå
Odd Fladen, Sandnes
Hein Seldal, Rogaland fylkeskommune
Kari Tengesdal Wold, Sola
Per Skjæveland, Gjesdal
Egil Larsen, Randaberg
Sofrid Guddal Søyland, Klepp
Ole Gunnar Kverneland, vald av private medlemmer

Styret har i meldingsåret hatt 6 styremøte og behandla 40 saker. Dei viktigaste spørsmåla har vore saker i samband med byggeprosjektet, finansiering og økonomi. Formannen, nestformannen og styraren har utgjort eit eige arbeidsutval.

Nemnder oppnemnde av styret:

Redaksjonsnemnd for årbok:

Lisabet Risa, Tobias Skretting, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland.

Økonominemnd for nybygg:

Jone Vadla, formann, Nils Njå, Hans Voll, Roald G. Bergsaker, Sævar Haugland, Ole Gunnar Kverneland, Egil Larsen og Målfrid Snørteland.

Byggenemd:

Jone Vadla, formann, Arne Hodne, Johan Vestvik, Målfrid Snørteland, Målfrid Grimstvedt (fast møtande vararepresentant).

Endre Skjørestad deltok i byggenemnda 1. halvår.

Samarbeidsgruppa 4H - Jærmuseet:

Sveinung Lode, Torbjørg Sægrov, Nils Njå, Målfrid Snørteland.

Personalet

Jærmuseet har i 1991 hatt desse tilsette:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 fast stilling

Sverre Skjæveland, handverkar, 1/1 fast stilling
Målfrid Grimstvedt, konservator, 1/1 fast stilling (utanom tilskotsordninga)

Engasjement:

Tobias Skretting, 1/2 stilling som gardsstyrar på Kvia i tidsrommet 1. juni - 30. november

Lars Gaute Jøssang, 1 månadsverk, dokumentasjon/intervju

Stillingar under "Arbeid for trygd":

Ole Håland, vedlikehald, 1.02. - 31.12.

Jørgen Ueland, restaurering/vedlikehald, 1.02. - 31.12.

Grete Sikveland, kontor/registrering, 1.02. - 31.12.

Barbro Nodland Vold, kontor, 1.01. - 26.04

Rolf Kenneth Paulsen, vedlikehald, 1.01. - 15.06

Tone Karin Ersdal, kontor, 1.05. - 21.06

ARBEIDET MED BYGGEPROSJEKTET

Året 1991 representerer eit gjennombrot for framdrifta i byggeprosjektet.

Finansieringa:

Samtlege eigarkommunar gjorde vedtak om å gi tilskot til nybygget. Takten i løyvingane varierer likevel noko frå kommune til kommune. Nokre kommunar har sett av midlar frå 1992, medan t.d. Sandnes har sett av midlar i 1994/1995. Rogaland fylkeskommune vedtok å setja av 1,5 mill. av sine 3 mill. i 1992.

Jærmuseet var eitt av dei ti prosjekta som NKKM tilrådde ovanfor Norsk Kulturråd, noko som gir von om løyvingar i 1992. Det vart sett i gong ein gåvebrevaksjon for nybygget til Jærmuseet mellom bondelaga og bondekvinneorganisasjonen på Jæren. Det er og søkt

om tilskot frå dei økonomiske organisasjonane i landbruket der saka nå er under behandling.

Prosjektering av nybygget

På grunnlag av optimistiske signal frå dei fleste kommunane blei prosjekteringsarbeidet sett i gong våren 1991.

Etter anbudsinnhenting blei Epcon A/S v/Reidar Bringdal engasjert som prosjektleiar.

Det blei og gjennomført ein anbudsrunde der følgjande fekk oppdraget som tekniske konsulenter:

Rådgjevande ingeniørar elektro:

Håkon Tjelflåt A/S

Rådgjevande ingeniørar byggeteknikk:

Multiconsult

Rådgjevande ingeniørar VVS: Partner Consult

I september la "Arkitektgruppen for Jærmuseet", (professor Einar Myklebust og arkitektfirmaet Helliesen, Wåge og Hallgren), fram eit nytt skisseprosjekt som var vesentleg omarbeidd i høve til det skisseprosjeket som blei presentert eit år tidlegare. Det nye skisseprosjektet representerte ei funksjonell forbetring og ei teknisk forenkling av prosjektet.



Nybygget til Jærmuseet slik det vil sjå ut frå Hanaberget.
Teikning: Arkitektgruppen for Jærmuseet, 1991.

Framdriftsplanen tok sikte på at forprosjektet skulle vera ferdig kring 1. mars 1992 og bygget klart for anbudsinnhenting i august same år.

Kviagarden

Bygningane

På heimehuset vart det lagt nytt tak våren 1991. Elles blei fjoset i driftsbygningen gjort ferdig og utpå hausten kom kyrne på båsen. Desse arbeida vart gjort som del av eit sysselsetningsprosjekt i Hå kommune finansiert av omframme midlar frå miljøverndepartementet. I tillegg hadde Jærmuseet to personar på "Arbeid for trygd". I det frittståande fjoset har ein og komme eit stykke på veg med innreiinga.

Gardsdrifta

Museet har heller ikkje dette året hatt ressursar til publikumsretta tiltak på Kvia. Men det vart gjennomført to opne aktivitetsdagar i samarbeid med 4H-klubbane i Hå.

Tobias Skretting har vore engasjert som gardsstyrar i halv stilling i tidsrommet 1. juni til 30. november.

På Tingsteinsvodlen blei det dyrka korn (ca. 12 da) og litt gulrot og kålrot. På Vodlen (omlag 10 da) hadde ein høy som dette året blei turka flatt og pressa.

4H-klubbane i Hå disponerte Vestre Vodlen til poteter, medan Bekkjavodlen blei nytta som beite. Det vart innleia eit samarbeid med Jæren Forsøksring om det arealet som vart disponert til korndyrking. Feltet blei delt i to. Halvparten blei arbeidd med lettare traktorteknologi som i 1950-60-åra. På den andre halvparten blei det nytta moderne



Sveinung Lode og Jon Obrestad lagar potetseng etter presten Hertzberg sine anvisningar frå slutten av 1700-talet. Tobias Skretting ser til at arbeidet blir rett utført, medan Hans Voll og familien kosar seg i livd bak steingarden.

Foto: Jærmuseet.

maskinar. Føremålet var at ein over ein treårs-periode skulle studera kva effekt dette hadde på jordparking og produktivitet. På grunn av manglende personalressursar blei ikkje intensjonane fylgde opp under innhaustinga og ein måtte sleppa skurtrøskja- ren på heile arealet.

Tre av museet sine eigne kviger vart sleppte på beite sist vår. Elles har ein hobbybrukar fått lov å ha nokre sauherd på Kvia. Som vederlag hjelper han til med foring og tilsyn av museet sine dyr.

I løpet av sommaren hadde me og ein flokk gjess på lån. Dei blei m.a. sleppte i potetåkeren for å luka kveka.

4H-arbeidet

Som nemnt gjekk 4H-klubbane i Hå saman om å dyrka poteter på Vestre Vodden. Det blei skipa til to opne aktivitetsdagar. 27. april blei det sett poteter og demonstrert reiskapar og arbeidsmåtar frå ulike tidsperiodar. Tobias Skretting laga potetseng etter presten Hertzberg sine anvisningar frå slutten av 1700-talet. Det blei nytta hest og Underhaugs trollhakka, og "Grâtass" (Ferguson-traktor) og Underhaugs potetsetjar frå slutten av 1950-åra. Borna fekk såleis prøvd seg på potetsetjing både for hand og med maskin, og iveren og lærelysta var stor.

Ordførar Eldar Odland opna arrangementet og deltok i arbeidet. Elles hadde me gleda av å ha med oss fylkeslandbruksjef Einar K. Time.

28. september skulle grøda i hus. Også denne dagen blei det demonstrert ulike maskinar - ein Underhaugs belteopptakar frå 1960-åra og ein av dagens store heilautomatiske opptakarar. Under arrangementa blei det seld potekaker og anna heimebakst. Det var stor deltaking av 4H-medlemmer, men oppslutninga frå foreldre og andre kunne vore større.


4H-klubbane i Hå hadde og ein felles "lukedag". Påfuglen 4H på Nærø hadde og eit utemøte på Kvia med ungar og foreldre.

Tidlegpotetene blei selde til Norgesfrukt på Bryne og resten blei levert til Gartnerhallen og potetmjølsfabrikken på Klepp. 4H klubbanne hadde omlag 12.000,- kroner i forteneste på denne drifta, og 10.000,- kroner av overskotet skal gå til inventar på Kvia.

Tilvekst og samlingar

Museet sin lagersituasjon er framleis like vanskeleg, og innsamlingsarbeidet har heller ikkje vore prioritert dette året. Til all lukke fekk ein forlenga leigeavtalen med Arvid Laland. Museet har likevel eit stort behov for meir og betre lagerlokale, men driftsbudsjettet tillet ikkje leige av meir areal. Desse tilhøva fører til at museet er nøydd til å takka nei til mange av tilbuda frå publikum.

Museet har likevel hatt ein viss tilvekst - mest gjenstandar, men og foto, arkivmateriale og bøker (jmfr. eiga tilvekstliste). Styret vil nytta høvet til å takka følgjande gjevarar:



Ole Håland lokkar på gjessene på Kvagarden.
Foto: Jærmuseet.

Arne Primstad, Varhaug, Martin Reiestad, Varhaug, Serinius Trodahl, Stavanger, Bjørn Stangeby, Sandnes, Audun Øyri, Stavanger, Knut Sæland, Sandnes, Arvid Marklund, Sandnes, Hans J. Obrestad, Nærø, Karl Johan Bø, Nærø, Martin Hålands dødsbu, Nærø, Sverre Nese, Horpestad, Stein Sægrov, Sandnes, Jan Morten Berthelsen, Karmøy, Oluf Simonsen, Sandnes, Nils Njå, Time, Gerald Ueland, Nærø, TKS v/Herborg Kverneland, Time, Hans Voll, Klepp, Brøyt A/S, Time, Time kommune, Finn Sørbø, Klepp.

Museet vil elles takka Inge Haugland, Time, som har stilt noko lagerplass til gratis disposisjon for Jærmuseet.

Ved hjelp av "Arbeid for trygd" og Grete Sikeland har museet også dette året fått lagt inn ein god del bøker, avisutklypp og foto på EDB.

Museet fekk og skrive ut katalogkort med foto over ein del av gjenstandane våre. Elles er ein del registreringar på bygdemusea også lagde inn i Jærmuseet sin database.



Vårvinna på Kviagarden. 4H-klubbane i Hå set poteter på Kviagarden.

Foto: Jærmuseet.

Hå bygdemuseum har hatt eigne folk som har lagt inn gjenstandskatalogen på EDB hjå Jærmuseet, medan Gjesdal bygdemuseum har hatt eigne folk på Limagarden som har registrert på EDB, under rettleiing av Jærmuseet og med kopi her.

Dokumentasjon

Jærmuseet har og intensjonar om å dokumentera industrien på Jæren. Det er særleg viktig å sikra opplysingar og informasjon frå dei gründerane som ennå lever att. Museet engasjerte difor historikaren Lars Gaute Jøssang til å intervju Kristan Søyland - den eine grunnleggjaren av Brøyt-fabrikken. Det blei tatt fleire timer lydbandintervju. Lydbanda er og skrivne ut.

Restaureringsarbeidet

Av større prosjekt har handverkaren dette året gjort ferdig restaureringa av ein Bolinder Munktell type 2

frå 1939. Modellen blei sett i produksjon i 1939 og blei laga i 500 eksemplar.

Traktoren har ein tosylindra tennkule- eller glødehovudmotor, og utviklar 28 hk på trekkstaget og 32 hk på reimskjeva ved 900 omdreiningar pr. minutt.

Denne traktoren blei innkjøpt med støtte frå Jærdagen. På Jærdagen sist vår blei han så presentert for publikum. Nå er han mellombels utstilt hos Felleskjøpet i Stavanger som forresten importerte Munktell-traktorar i 1930-åra.

Sverre Skjæveland har og dette året restaurert ein Irus to-hjuls traktor med Triumph motor (type 45). Denne traktoren fekk museet i gave frå Arvid Marklund i Sandnes. Men opphavleg har traktoren tilhørt Arnold Nesvåg, Hauge i Dalane. Denne Irus-traktoren står nå hos Kverneland-Underhaug på Nærøbø.

Museet fekk og ein Irus med Hirth motor og diverse reiskap frå Anna Kristin og Edvard Jensen i Klepp. Også den traktoren er pussa opp og er plassert på Kvia. Underhaug A/S hadde importen på desse tyske tohjulstraktorane frå 1959 og fram til 1966-67.

Sverre Skjæveland har og sett i stand ein del mindre gjenstandar for lokalmusea, og elles gitt råd om restaurering. Jørgen Ueland, som har vore engasjert under "Arbeid for trygd", har restaurert ein del hestereiskapar og mindre gjenstandar.

Me vil få takka Kverneland Klepp A/S og Serigstad A/S for verdfulle gratisyttingar i samband med restaureringsarbeidet.

Økonomi og administrasjon

Tilskotet til Jærmuseet via tilskotsordninga var i 1991 på kr. 672.700,-. Underskotet på driftsbudsjettet innanfor tilskotsordninga var omlag 135.000,-

kroner. Medrekna stillingar og drift utanom tilskotsordninga låg det samla driftsbudsjettet på omlag 1,3 mill. kroner. I tillegg kjem driftsmidlar tilførde under "Arbeid for trygd" som i 1991 utgjorde ca. 202.000,- kroner. I tillegg kjem løn på 8500,- pr. månad (for 4 dagars arbeidsveke) og sosiale kostnader. "Arbeid for trygd"-ordninga har blitt administrert via fylkeskultursjefen. Fylkeskommunen har også betalt 25 % av driftsutgiftene og dei sosiale kostnadene der desse ikkje har blitt dekkja fullt ut av arbeidskontoret.

Investeringskostnader på Kviagarden utgjorde kr. 80.000,- og prosjekteringskostnader i samband med nybygget 223.000,- kroner. Ser ein på det samla driftsbudsjettet for museet blir berre halvparten av dette finansiert over tilskotsordninga.

Tilskot og inntekter fordeler seg på følgjande vis:

Staten	:	262.500,-	20,5%
Fylkeskommunen	:	205.500,-	16,0%
Eigarkommunane	:	488.500,-	38,0%
Eigeninntekter	:	248.000,-	19,0%
Sær. tilskot, bruk av overskot, renter etc.	:	82.000,-	6,5%

¹ Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, sal av årbøker, annonseinntekter, sal av jordbruksprodukt og medlemspengar.

Dette er omlag same prosentvise fordeling som i 1990.

Heller ikkje dette året har Jærmuseet fått nokon form for volumauke. For Jærmuseet inneber dette at me stadig får ein mindre del av dei statlege og fylkeskommunale tilskota samanlikna med dei andre regionmusea.



Potetene blir hausta med stort alvor og konsentrasjon.
Foto: Jærmuseet.

Då Jærmuseet blei opptatt i tilskotsordninga i 1986 rekna både museet og eigarkommunane med at tilskota til Jærmuseet gradvis ville auka og etter nokre år liggja på nivå med Dalane folkemuseum, Ryfylkesmuseet og Karmsund folkemuseum.

Ser ein på utviklinga frå 1988-1991 er det det motsette som har skjedd. I denne perioden har det

rett nok vore "nullvekst" for museumsbudsjettet i fylkeskommunen, og musea har berre fått kompensasjon for prisauken. Den prosentvise auken har likevel vore mindre for Jærmuseet enn dei andre musea.

Utviklinga i tilskota innanfor tilskotsordninga til regionmusea i Rogaland i perioden 1988 - 1991:

	Jærmuseet	Ryfylkemuseet	Karmsund	Dalane
1991	670.600	1.140.000	1.092.000	1.403.000
1990	638.357	1.124.554	1.042.483	
1989	619.960	979.366	1.026.167	
1988	609.359	985.598	959.972	1.220.230
Auke i kr:	61.241	154.402	132.028	182.770
Auke i %:	10%	15,5%	13,8%	15%

Tilskota innanfor tilskotsordninga for året 1991 - fordelinga mellom staten, fylkeskommunen og vertskommunane:

	Jærmuseet	Ryfylkemuseet	Karmsund	Dalane
Samla:	670.600	1.140.000	1.092.000	
1.403.000				
Stat:	261.534	444.600	425.880	547.140
Fylke:	204.533	463.600	440.080	570.573
Kommune:	204.533*	231.800	222.040	285.287

* Når det gjeld Jærmuseet blir vertskommunetilskotet fordelt på alle dei sju eigarkommunane etter folketal. Kommunalt driftstilskot til Jærmuseet utanom tilskotsordninga var ca. 284.000,- kroner.

Det lokale tilskotet (fylkestilsot + kommunetilsot) er dessutan fordelt med 50-50 % på fylket og jærkommunane.

For Karmsund folkemuseum, Ryfylkemuseet og Dalane folkemuseum betalar fylkeskommunen 2/3 og Haugesund, Suldal og Egersund 1/3 av det lokale tilskotet.

Ser ein på tilskot pr. innbyggjar via tilskotsordninga får ein følgjande forhold:
(Kronetilskot frå kun fylke + stat i 1991 i parantes)

	Jærmuseet	Ryfylkemuseet	Karmsund	Dalane
1991	5,90 (4,10)	39,80 (31,70)	14,20 (11,30)	65,80 (52,45)
1990	5,70	39,20	13,60	
1989	5,60	34,05	13,50	
1988	5,60	34,40	12,70	57,70

STAVANGER 1991

Samla tilskot: kr. 6.920.000. Pr. innbyggar: 70,50 (44,70).

Stat: 2.698.800

Fylke: 1.688.480 (40% lokal del)

Kommune: 2.532.720 (60% lokal del)

Desse tabellane syner og at jærkommunane bidrar meir til sitt regionmuseum både prosentvis og i sum enn dei øvrige vertskommunane bortsett frå Stavanger.

Dei trønge budjettrammene fører til at museet ikkje kan gå i gang med publikumstilbud eller tilbud til skular og barnehagar på Kvia slik som me ønskjer. Takka vera "Arbeid for trygd" og noko friviljug innsats, ikkje minst frå Tobias Skretting, har ein likevel fått ei minimumsdrift på garden slik at dyra får det nødvendige for og stell.

Trass i nullvekst har museet likevel gradvis auka engasjementet på fleire område. I ein del tilfelle betyr dette at personalet har mindre tid til rådvelde til dei enkelte sakene, og ein får ikkje behandla dei så grundig eller så raskt som ein burde.

Styraren har lagt vekt på å prioritera saker som gjeld byggeprosjektet, presentasjon, finansiering, økonomi og drift av museet. Storparten av tida går med til løpende saker. Det vert for lita tid til overordna planlegging, fagleg utvikling og nye prosjekt.

"Arbeid for trygd"-ordningane tilfører musea ein

del omframme midlar og bidrar til å løysa ein del oppgåver som me elles ikkje hadde fått gjort. Men ordninga slik ho blir praktisert, med stadig utskifting av folk og usikkerhet om når og kva folk me får tildelt, skaper store frustrasjonar for administrasjonen på museet og kostar både mykje tid og telefonpengar.

Dessutan blir mykje av Målfrid Grimstvedt si tid, som er ansvarleg for opplæring og registrering på EDB, brukt til opplæring og oppfølgjing av stadig nye personar både her på kontoret og delvis på lokalmusea.

Med ein friare og smidigare disposisjon av sysselsetjings-midlane er me overtydde om at effekten og nytten hadde blitt langt større for museet og ordninga meir tilfredsstillande for dei enkelte arbeidstakarane.

Når det gjeld særskilde tilskot og gåver vil Jærmuseet dette året få takka Landkredit A/S v/styreformann Inge Haugland for eit tilskot på 40.000,- til restaureringa av den første hydrauliske brøyten.

SÆRSKILDE ENGASJEMENT

ICOM

Jærmuseet v/Målfrid Snørteland er sterkt engasjert i arbeidet til Norsk ICOM. Norsk ICOM er den norske avdelinga av den internasjonale museumsorganisasjonen International Council of Museums. Det har gått med ein del tid både til arbeidet som kasserar og ikkje minst i samband med arbeidet for å få generalkonferansen for verdas museer til Stavanger og Rogaland i 1995. At Norge nå er tildelt dette arrangementet betyr at Rogaland får besök av omlag 1500 kollegar frå heile verda.

Dette er sjølv sagt ei stor utfordring for musea i fylket og svært inspirerande for arbeidet fram mot

1995. Musea i Rogaland vil oppnemna representantar til ei lokal arbeidsgruppe, "Rogalandsgruppa", som vil arbeida med arrangementet. På styremøte i desember blei Målfrid Snørteland oppnemnd som representant for Jærmuseet med Målfrid Grimstvedt som vara.


Styret vonar at arbeidet fram mot kongressen vil styrkja samarbeidet om felles målsetjingar for musea i fylket.

Museumsplanen for Rogaland.

Forslaget til museumsplan frå Fylkeskultursjefen vart sendt ut til høyring våren 1991. Målfrid Snørteland sat i referansegruppa for museumsplanen. Denne gruppa var på fleire område usamd med fylkeskultursjefen sitt planforslag. Regionmusea i Rogaland har hatt eit nært samarbeid under behandlinga av planen og saka har vore drøfta både på felles møter mellom museumsleiarane og mellom styrarar og styreleiarar. Regionmusea laga ei felles fråsegn som styret i Jærmuseet sluttar seg til. Dei viktigaste punkta omhandla styringa av musea, arbeidsgjevaransvaret og tilhøva mellom regionmusea og lokalmusea. Regionmusea understreka eit sterkt behov for auka driftsmidlar og investeringsmidlar til musea.

I tillegg utforma regionmusea særfråsegner som peika på behov og målsetjingar på det enkelte museum. I si særfråsegn tok Jærmuseet særleg føre seg tilhøvet mellom regionmuseet og lokalmusea på Jæren, dokumentasjonsoppgåver i Jærgregionen og investerings- og stillingsbehov ved Jærmuseet dei nærmaste åra.

Styret peika m.a. på 9 stillingsområde som må dekkast for at museet skal løysa dei oppgåvene ein står ovanfor på ein rimeleg god måte.



Under landsstemna til Norges Bygdeungdomslag på Nærland laga Jærmuseet m.a. ei lita utstilling om steinarbeid.

Foto: Jærmuseet.

Forslaget til museumsplan blei og drøfta på eit møte mellom Jærmuseet og kultursjefane på Jæren. Synspunkta her samsvarde i hovudsak med konklusjonane til regionmusea og styret i Jærmuseet. Det var semje om at lokalisering og fordeling av dei ulike dokumentasjonsområda som Jærregionen skal ha

ansvaret for må løysast gjennom drøftingar innad i regionen.

På grunnlag av fylkesmuseumsplanen vil det vera naturleg å utarbeida ein eigen museumsplan for vår museumsregion.

AUDAMOTLAND

Heilt sidan Jærmuseet blei lagt til Kvial i 1986, har det vore forhandlingar for å overdra det gamle 1700-tals tunet til Jærmuseet.

Det siste året har ein og vurdert korleis heile dette kulturhistorisk verdfulle området kunne sikrast for publikum.

Utpå hausten 1991 gjekk grunneigaren med på å selja heile garden til Hå kommune. Området lengst i utkanten mot sør skal kommunen nytt til industriområde. Ein del av den dyrka marka blir overtatt av naboen som tilllegsjord. Men storparten av garden blir lagt ut til friluftsområde som skal forvaltast av Jæren friluftsråd.

Direktoratet for naturforvaltning var då viljug til å gi eit tilskot på 50 % av innløysingskostnadene. Friluftsrådet sjølv dekka og ein del av kostnadene. Elles vil Riksantikvaren gi eit tilskot til innkjøp av området.

Jærmuseet melde si interesse for å disponera meir jord til demonstrasjonsareal, men kunne ikkje på dette tidspunktet finansiera kjøp av tilleggsareal. Sjølve overtakinga av tunet med 5 mål blir betalt av Hå kommune og overlatt Jærmuseet. Dette hadde Hå kommune lova alt i 1986.

Museet vil likevel få ein avtale med Jæren friluftsråd om å disponera ein del av det dyrka arealet. På sikt kan det opnast for at dette blir overtatt av Jærmuseet.

På nyttårsafta fekk kommunen og til ein avtale

med eigarane av Kvía 19/6 - den garden som museumsområdet er skilt ut frå - om å kjøpa storparten av det resterande arealet. Dermed har ein fått eit samanhengande offentleg område på omlag 700 mål i tilknyting til Jærmuseet. Dette betyr og at grunnlaget er lagt for å utvikla eit eineståande prosjekt koncentrert om ein sentral og overordna ide: "Landbruk i tusen-år." Med utgangspunkt i gardsanlegg og andre kulturminne frå forhistorisk og historisk tid kan ein visa samanhengen mellom kulturlandskap, driftsmåtar og teknologi, og korleis dette har endra seg over tid.

UTOVERRETTA VERKSEMD

"Sjå Jæren".

I 1991 kom det to utgåver av årboka vår "Sjå Jæren". "Sjå Jæren" 1990 vart forsenka og kom ikkje ut før i mars 1991. Denne boka var eit samarbeid med arbeidsgruppa bak leikeutstillinga på Hå gamle prestegard våren 1991, og artiklane handla om leiketøy, leiketøyproduksjon og leiketradisjonar i Rogaland.

Forfattarar er Eva Watne, Asgjerd Taksdal, Arvid Midbrød, Tobias Skretting, Ove Magnus Bore, Arna Audhild Våge, Alf Næsheim, John Gunnar Johnsen, Vilhelm Feyling, Reidun Gudmestad Undheim, Ståle Olsen og Målfrid Grimstvedt.

"Sjå Jæren" 1991 kom ut som planlagt i desember. Hovudartiklane i denne utgåva tar føre seg industrikulturen og vilkåra for industriutviklinga på Jæren. Sigve Erland skriv om drivkraftene bak oppbygginga av jærindustrien, Lars Gaute Jøssang tar føre seg brørne Søyland og grunnlegginga av Brøyt-fabrikken og Målfrid Grimstvedt skriv om tegl og potteri-industrien i Sandnes. Elles presenterer Lisabet Risa sanatorietida på Nærland, Dagmar

Vaule skriv om husmødrene sin innsats under andre verdskrigen, Magne A. Roth fortel om barndomsopplevelingar i Sola og Målfrid Snørteland presenterer Jærmuseet sine Moline-traktorar. Tobias Skretting står føre dei kunstnarlege innslaga med både dikt og prosa.

Det synter seg snart at bokutgjevinga om våren var dårleg butikk, og "Sjå Jæren" 1991 gjekk med underskot. Denne utgåva var dessutan større og rikare illustrert - med t.d. fargeillustrasjonar - slik at kostnadene vart større enn for dei andre årbökene.

Når det gjeld salet av årboka for 1991 teiknar det til å bli bra. Det skal og nemnast at her var annonseinntektene svært gode slik at denne utgåva vil gå med overskot.

Årboka vår har jamt over fått god mottaking. Museet er relativt godt nøgd med nåverande leist og utforming, men ønskjer større breidde og fleire forfattarar.

Artiklane blir leverte trykkeriet på diskett. Jærmuseet v/Målfrid Grimstvedt har ansvaret for biletredaksjon, lay out og oppfølgjing ovanfor trykkeriet.

Møter, omvisingar, orienteringar, føredrag.

Jone Vadla og Målfrid Snørteland fekk høve til å gi ein rask presentasjon av Jærmuseet for Rogalandsbenken på deira årlege møte 4.01.

Nils Njå og Målfrid Snørteland møtte representantar for fagorganisasjonane på Kverneland Klepp, Kverneland Underhaug og Serigstad 18.01. og orienterte dei om Jærmuseet og byggeplanane.

Nils Njå, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland møtte kulturstyret i Sandnes 18.03. Kulturstyret fekk omvising på Kvía og heldt fram med møte på Hå gamle prestegard.

19. og 20. mars inviterte Jærmuseet styremedlemmene i bondelaga og bondekvinnelaga på Jæren til omvising og orientering på Kvia.

Tilsaman møtte vel 40 personar. 29.05 fekk me høve til å presentera Jærmuseet for County Museum Officer Bruce Bennison frå Cumbria i Nordvest England. Målfrid Snørteland orienterte om Jærmuseet og byggeprosjektet på møte i Stavanger bondelag 27.02 og Nærøysund bondelag 4.04.

Elles har Høyland bondekvinnelag, representantar frå Direktoratet for naturforvaltning, Miljøvern avdelinga, Riksantikvaren og Håndverksregisteret på Maihaugen fått omvising på Kvia og Audamotland.

Målfrid Snørteland og Tobias Skretting orienterte om planane for dyrehald på Jærmuseet på eit seminar om husdyr på musea på Maihaugen 29.-30. mai.

Målfrid Snørteland fortalte om Kviagarden på haustfesten til Sjøglimt 4H 11. oktober.

Tobias Skretting har og hatt fleire omvisingar på Kvia.

Sverre Skjæveland har vore på årsmøtet i Gjesdal Kniv- og ljålag, og på møte i foreninga "Tre og jern" på Ganddal bydelshus der han viste Molinefilmen og orienterte om Jærmuseet.

Målfrid Grimstvedt.

7. febr: Presentasjon av "Sjå Jæren 1990" på Dalane TV. 18. ebr: Orienterte om Jærmuseet i Rogaland Historie- og Åettesogelag; 3. april: Presentasjon av "Ta hys" på NRK-lokalradioen; 25. april: Omvisning på "Ta hys" for Sandnesmuseets venner og 6.mai for representantar for ICOM;

15. mai: Kåseri om "Leiketradisjonar" på Sunnhordland Folkemuseum, Stord; 8. juni: Aktivitet

med "Gamle leiker" på barnestemne til Rogaland Ungdomslag, Stavanger; 13. juni: Presentasjon av norske bunader for Agip på Ledaal, Stavanger.

28. juli: Kåseri om "Leiketradisjonar" på Olsokstemna, Kolbeinstveit i Suldal. 21. sept: Byvandring i Langtg., Sandnes. 30. sept: Foredrag om "Spøt til sal i Rogaland", Svhithun Husflidslag, Stavanger. 30. nov: Foredrag om bunader på bunadkurs i Rogaland Ungdomslag, Stavanger. 11.des: Kåseri om "Leiketøy frå Åsm. S. Lærdal", Stavanger Kulturhus.

Utstillingar og tilskipingar.

27. april: Aktivitetsdag saman med 4H klubbane i Hå.

28. september: Aktivitetsdag saman med 4H klubbane i Hå.

24. - 26. mai: Jærdagen - presentasjon av den nyrestaurerte Munktell-traktoren.

7. - 8. juni: Varhaugmarken. Fotomontasje som fortalte om samlingane, byggeprosjektet og Kviagarden.

17. - 20. juli: Utstilling om Jærmuseet på "Gøy på landet", Norges Bygdeungdomslag si landsstemna, Hå.

21. - 26. okt: Haustmarken, Vågen 33, Sandnes. - Moline D traktoren, presentasjon av havremøller i Sandnes.

ARBEIDET I KOMMUNANE

Hå.

Jærmuseet v/konservator Målfrid Grimstvedt var sterkt engasjert i arbeidet med leikeutstillinga "Ta Hys" på Hå gamle prestegard våren og hausten



Styreforman Nils Njå held styr på trollhakka under aktivitetsdag på Kvia

Foto: Jærmuseet.

1991. Det var spesielt organiseringa av innlån av kring 500 leiketøy frå omlag 200 privatpersonar frå husflidslag i heile Rogaland, samt like mange leiketøy frå museene i fylket. Ho hadde også ansvar for den delen av utstillinga som omhandla lokalproduerte leiketøy. Det blei lagt ned omlag tre månadsverk i prosjektet, i tillegg til arbeidet med fellesprosjektet katalog/årbok. Jærmuseet stod også for ei gjennomfotografering og dokumentering av utstil-

linga: 764 foto, omlag 1 time videooppakt, samt dataregister på 1500 leiketøy.

I desember stod Jærmuseet v/ Grimstvedt for eit tre dagars datakurs for tilsette ved kulturetaten i Hå.

Sola.

Arbeidet med biletksamlinga ved Sola folkebibliotek har halde fram. Registreringa på data har vore svært tidkrevande, avdi det kom ei oppgradering av pro-

grammet som medførte mykje ekstraarbeid. Jærmuseet si oppgåve har vore fagleg leiing og praktisk rettleiing.

Sandnes.

Sandnesmuseet feira sitt 60-års jubileum på Krossens havremølle i september. Jærmuseet v/Grimsvedt laga ei utstilling om havregrynsmøller i Sandnes i det høve, i samarbeid med Torbjørg Sægrov frå Sandnesmuseet. Det gjekk med snautt eit halvt månadsverk. Målfrid Grimstvedt og Jimmy Lura fortalte om havregrynsmøllene på Radio Sandnes.

I samband med jubileet skipa Fortidsforeningen til ei byvandring gjennom Langgata søndag 21. september med Målfrid Grimstvedt og sivilarkitekt Gro Persson Trodal som omvisarar.

Under Haustmarken hadde Jærmuseet utstilling i Vågen 33. Me viste fram Moline D traktoren, saman med ein presentasjon av museet og noko om havremøller i Sandnes.

Museet har i samarbeid med Sandnes kulturkontor v/ Elin Grinde utarbeidd eit forprosjekt til ei utstilling om tekstil-industrien i Sandnes.

Klepp.

Jærmuseet v/Grimstvedt i samarbeid med Erna Kleppe frå Klepp kulturkontor laga ei utstilling "Bryllaup i Klepp" på Haugabakka. Utstillingen blei opna 17. april og stod ut året. Det gjekk med omlag eit halvt månadsverk.

Gjesdal

Mot slutten av året blei Målfrid Grimstvedt engasjert som leiar for den kulturhistoriske delen av prosjektet "Limagarden - en bru mellom fortid og

nåtid". Ho samarbeidde med Hanne Thomsen og Eli Monsen om å laga ein plan for prosjektet. Arbeidet vil gå over fleire år.

MEDLEMMAR

Medlemsauken i 1991 har vore på 31 personlege medlemmar, slik at museet no har 111 medlemmar i alt, i tillegg til 36 lag og organisasjonar og 10 bedrifter. Desse tala har ikkje endra seg siste året.

REPRENTASJON, MØTER, SEMINAR, TILLITSVERV

Nils Njå og Målfrid Snørteland deltok på museumsleiarmøte 31.05 og 6.09 og på museumsmøtet for Rogaland i Suldal 22.-23.09. Målfrid Snørteland deltok på museumsstyrarmøte på Ryfylkemuseet 21.08. Målfrid Snørteland representerte Jærmuseet ved opninga av Arkeologisk museum i Stavanger 12. juni og helsa samstundes frå Norsk ICOM. Ho deltok på NKKM sitt årsmøte på Hadeland 19.-22. september, på haustfesten til Påfuglen 4H 18.10 og på opninga av Ryfylkemuseet 30. oktober. Ho deltok på NKKM sitt kurs i museumsleiing på Forsvarsmuseet 2.-3. november.

Målfrid Snørteland og Tobias Skretting deltok på forum for friluftsmuseer sitt seminar om husdyr på musea på Maihaugen 29.-30. august.

Målfrid Grimstvedt deltok på Opplandsarkivet sitt jublieumsseminar, "Veger til fortida", på Lillehammer 9. -10. september.

Målfrid Snørteland er med i redaksjonen av Museumshåndboka og er kasserar i Norsk ICOM. (International Council of Museums). Ho har og delatt i ei lokal Rogalandsgruppe som blei oppretta i samband med arbeidet for å få verdskongressen for museer til Stavanger i 1995. Ho sat elles i museums-

plan nemnda for fylket som avslutta arbeidet våren 1991.

Målfrid Grimstvedt er medlem av Bunads- og Folkedraktrådet og styremedlem/redaktør i VTM (Foreninga for vitskaplege tenestemenn ved musea). Ho er også 1. varamedlem til NOKU-Rogaland (Norsk Kulturforum).

OPPSUMMERING OG VURDERING

Mål som var sett - mål som er nådde.

- 1991 vart eit gjennombrot for byggeprosjektet. Både kommunane og fylkeskommunen sette av investeringsmidlar i langtidsbudsjetta. Konkrete tilslagn om statlege og private midlar vantar ennå, men signala frå staten er gode.

Prosjekteringsarbeidet har komme godt i gang og dei tyngste kneikane er truleg tilbakelagde.

- Arbeidsprogrammet for 1991 la ikkje opp til særleg utoverretta aktivitet på Kvía og drifta elles har vore som forventa. Dei to aktivitetsdagane saman med 4H var vellukka. Særleg den 27. april oppfylde intensjonane for Jærmuseet:

demonstrasjon av ulike reiskapar og arbeidsmåtar frå forskjellige tidsperiodar og der borna får prøva ulike arbeidsprosessar i praksis.

For drifta elles har ein vore nøydd til å ty til moderne teknologi. Vidare utvikling er avhengig av fast personale.

- Arbeidet i regionen har i hovudsak følgd tidlegare retningsliner. Tilgangen på betalte oppdrag var likevel mindre enn forventa. Samtidig aukar

omfanget av førespurnader og konsultasjonar, og forventningane til museet blir stadig større. Så lenge ein manglar eit fast økonomisk grunnlag for den andre konservatorstillinga vil aktiviteten ute i kommunane bli noko tilfeldig. Også her er det behov for meir tid til samordning, planlegging og større dokumentasjonsprosjekt.

- Det er gledeleg at arbeidet med å byggja opp ein regional database har komme godt i gang.

- Bortsett frå handverkaren sitt restaureringsarbeid har arbeidet med samlingane vore lågt prioritert. Registrering og katalogisering av museet sine eigne gjenstandar har komme sørgeleg kort, men det er vanskeleg å få gjort noko med dette før både magasintilhøva og ressurssitasjonen er vesentleg betra.

- I arbeidsprogrammet for 1991 hadde me som mål å få til skilting av dei mest sentrale forminna på Audamotland og utarbeida ei presentasjonsbrosjyre for området.

Museet har ikkje hatt korkje tid eller økonomi til å følgja dette opp.

Men det er svært gledeleg at heile det interessante kulturminneområdet på Audamotland og Kvía nå er løyst inn til friluftsføremål og såleis blir offentleg tilgjengeleg.

- Jamt over merkar Jærmuseet nå større interesse og forståing for arbeidet vårt - både hos politikarar og publikum. Dette gjeld og andre kulturvern og museumsprosjekt i regionen, og me kan trygt konkludera med at museumsarbeidet på Jæren er i framgang.